

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN**  
**nr. 10/2013**

2013/EØS/31/10

av 1. februar 2013

**om endring av vedlegg II (Tekniske forskrifter, standardar, prøving og sertifisering) og  
vedlegg IV (Energi) til EØS-avtala**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla "EØS-avtala", særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 392/2012 av 1. mars 2012 om utfylling av europa-parlaments- og rådsdirektiv 2010/30/EU med omsyn til energimerking av hushaldstørketromlar<sup>(1)</sup>, retta ved TEU L 124 av 11.5.2012, s. 56, skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Forordning (EU) nr. 392/2012 opphevar kommisjonsdirektiv 95/13/EF<sup>(2)</sup>, som er teke inn i EØS-avtala og difor må opphevast i EØS-avtala.
- 3) Vedlegg II og IV til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I vedlegg II til EØS-avtala kapittel IV vert det gjort følgjande endringar:

1. Teksta i nr. 4c (kommisjonsdirektiv 95/13/EF) skal lyde:

"32012 R 0392: Delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 392/2012 av 1. mars 2012 om utfylling av europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/30/EU med omsyn til energimerking av hushaldstørketromlar (EUT L 123 av 9.5.2012, s. 1), rettet ved EUT L 124 av 11.5.2012, s. 56."

2. I tillegg 1 og 2 skal teksta i avsnitt 3 opphevast.

*Artikkel 2*

I vedlegg IV til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. Teksta i nr. 11c (kommisjonsdirektiv 95/13/EF) skal lyde:

"32012 R 0392: Delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 392/2012 av 1. mars 2012 om utfylling av europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/30/EU med omsyn til energimerking av hushaldstørketromlar (EUT L 123 av 9.5.2012, s. 1), rettet ved EUT L 124 av 11.5.2012, s. 56.<sup>(1)</sup>

<sup>(1)</sup> Oppført bare for informasjonsformål – for anvendelsen, se vedlegg II om tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering."

2. I tillegg 5 og 6 skal teksta i avsnitt 3 opphevast.

*Artikkel 3*

Teksta til forordning (EU) nr. 392/2012, retta ved TEU L 124 av 11.5.2012, s. 56, på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

*Artikkel 4*

Denne avgjerda tek til å gjelde 2. februar 2013, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala<sup>(\*)</sup>, eller den dagen avgjerd i EØS-komiteen nr. 217/2012 av 7. desember 2012<sup>(3)</sup> tek til å gjelde, alt etter kva som skjer sist.

<sup>(1)</sup> TEU L 123 av 9.5.2012, s. 1.

<sup>(2)</sup> TEF L 136 av 21.6.1995, s. 28.

<sup>(\*)</sup> Ingen forfatningsrettslige krav angitt.

<sup>(3)</sup> TEU L 81 av 21.3.2013, s. 17, og EØS-tillegget til TEU nr. 18 av 21.3.2013, s. 19.

*Artikkel 5*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfërda i Brussel, 1. februar 2013.

For EØS-komiteen

***Gianluca Grippa***

Formann